

Lindås kommune  
Byggesak  
5914 Isdalstø

## Tilsvar til nabomerknad i høve byggetiltak på Gbnr 134/348

I nabomerknad motteke den 22. mai 2019, kjem det fram at nabo ynskjer det omsøkte bygg flytta slik at det kjem 4 meter fra felles eigd veg Gbnr 134/368.

Søkjar seier seg ikkje samd i merknaden av følgjande grunnar :

- Det omsøkte bygg er plassert på tomta i tråd med plankartet. I tidligare tider var dette meir å forstå som eit døme på plassering. I nyare tider er dette å forstå som meir juridisk bindande plassering. Husplasseringa i plankartet viser at bygg på Gbnr. 134/301 og 134/348 ligg svært nære felles veg. Tiltakshavar på Gbnr. 134/348 har difor så langt det har latt seg gjera plassert bygg slik det er omsynt i plankartet.
- Eksisterande byggnad på Gbnr. 134/301 ligg sjølv kun 2 meter fra felles eigd veg Gbnr. 134/368. I arkivet på kommunen finn ein ikkje noko fråsegn frå Gbnr. 134/348 med tanke på bygging nærare enn 4 meter fra felles eigd veg Gbnr. 134/368. Det er då svært nærliggande å forstå planen slik at det er husavstanden på 8 meter ein her tek omsyn til og ikkje avstanden til felles eigd veg Gbnr 134/368.
- Etter vårt syn må dette sjåast i lys av likebehandlingsprisippet då begge bygg vil liggja nærare enn 4 meter fra felles eigd veg Gbnr. 134/368. Ein kan vanskeleg sjå for seg ulik behandling i offentleg forvaltning når dei rådande høva ellers er like.

Vi ber difor Lindås kommune ved administrasjonen å leggja desse momenta til grunn ved behandlinga av rammeløyvet på Gbnr. 134/348.

Med Vennleg helsing  
Kaland Trelast AS

  
Øyvind Litangen